

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/18

av 9. februar 2010

**om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad  
(sementbaserte og kalsiumsulfatbaserte avrettingsmassar og golvavrettingsmassar av syntetisk  
harpiks)**

[meld under nummeret K(2010) 772]

(2010/85/EU) (\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 2 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernenivå for byggverk på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF»<sup>(2)</sup>.
- 2) Med omsyn til det grunnleggjande kravet til brannsikring inneheld basisdokument nr. 2 ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak som til saman utgjør ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.
- 3) I basisdokument nr. 2 går det fram at eit av tiltaka er å avgrense brann- og røykutviklinga og brann- og røykspreiinga innanfor eit visst område ved at det vert sett grenser for kor mykje byggjevarene kan medverke til at ein brann utviklar seg fullt ut.
- 4) Avgrensingsgraden kan uttrykkest berre ved hjelp av ulike nivå for den ytinga som varer har ved brannpåverknad under sluttbruken.
- 5) Som ei harmonisert løysing vart det vedteke eit klassifiseringssystem ved kommisjonsvedtak 2000/147/EF av 8. februar 2000 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad<sup>(3)</sup>.
- 6) Når det gjeld sementbaserte og kalsiumsulfatbaserte avrettingsmassar og golvavrettingsmassar av syntetisk

harpiks, må den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, nyttast.

- 7) Ytinga ved brannpåverknad er vorten fastlagd for mange byggjeverer og/eller byggjemateriale innanfor den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, og er vorten gjord tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene og/eller byggjemateriala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at ytterlegare prøving er naudsynt.

*Artikkel 2*

Dei særskilde klassane som skal nyttast for ulike byggjeverer og/eller byggjemateriale, og som inngår i den klassifiseringa av brannpåverknad som er vedteken ved vedtak 2000/147/EF, er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 3*

Der det er relevant skal varene vurderast i høve til sluttbruken.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 9. februar 2010.

*For Kommisjonen*

Günter VERHEUGEN

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 38 av 11.2.2010, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 197/2012 av 26. oktober 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 6 av 24.1.2013, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

<sup>(2)</sup> TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14.

## VEDLEGG

Tabellane i dette vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene og/eller byggjemateriala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.

Tabell 1

**Klassifisering av sementbaserte og kalsiumsulfatbaserte avrettingsmassar med omsyn til yting ved brannpåverknad**

Vare <sup>(1)</sup>	Største sjiktjukkuleik (mm)	Innhald av organisk materiale (vektprosent)	Klasse <sup>(2)</sup>
Sementbaserte avrettingsmassar i samsvar med EN 13813	30	< 20	E
Kalsiumsulfatbaserte avrettingsmassar i samsvar med EN 13813			

(<sup>1</sup>) Påført eit underlag i klasse D-s2,d0 eller høgare, med ein tjukkuleik på minst 12 mm og med ein tettleik på minst 680 kg/m<sup>3</sup>.

(<sup>2</sup>) Klasse E slik det er fastsett i tabell 1 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF når avrettingsmassen vert nytta som underlag.

Tabell 2

**Klassifisering av golvavrettingsmassar av syntetisk harpiks med omsyn til yting ved brannpåverknad**

Vare <sup>(3)</sup>	Største sjiktjukkuleik (mm)	Innhald av organisk materiale (vektprosent)	Klasse <sup>(4)</sup>
Ufylte golvavrettingsmassar av syntetisk harpiks med bindemiddel av epoksyharpiks, polyurethanharpiks, polymetylmetakrylatharpiks eller vinylesterharpiks i samsvar med EN 13813	4	100	E eller E <sub>fl</sub>
Fylte golvavrettingsmassar av syntetisk harpiks med bindemiddel av epoksyharpiks, polyurethanharpiks, polymetylmetakrylatharpiks eller vinylesterharpiks og fylt med mineraltilslag i samsvar med EN 13813	10	< 75	
Fylte golvavrettingsmassar av syntetisk harpiks med innhald av silikasand, med bindemiddel av epoksyharpiks, polyurethanharpiks, polymetylmetakrylatharpiks eller vinylesterharpiks og fylt med mineraltilslag i samsvar med EN 13813	10	< 75	

(<sup>3</sup>) Påført eit underlag i klasse A2-s1,d0 eller høgare, med ein tjukkuleik på minst 6 mm og med ein tettleik på minst 1 800 kg/m<sup>3</sup>.

(<sup>4</sup>) Klasse E slik det er fastsett i tabell 1 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF, når avrettingsmassen vert nytta som underlag, eller klasse E<sub>fl</sub> slik det er fastsett i tabell 2 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF, når avrettingsmassen vert nytta som slitelag.